

Leiinga for Festidalen har ein ambisjon om å få deltaking også av lokale band. Det slår leiar Bjørn Olav Tveit fast når uskedalen.no spør og viser til at minst eit lokalt band har bedt om å få delta i festivalen mens det førebels ikkje har kome nokon reaksjon. Fleire har spurt kva det blir til.

- Det vil vel stimulera besøket å ha eit lokalband med?
- Ja, det er det ingen tvil om, seier Tveit, men han presiserer at bookingstaben står fritt i eit spørsmål som dette. Den neste pulje av artistar vil bli offentleggjort om ikkje så altfor lenge, melder Tveit. Den første puljen med 3 band vart gjort kjende før helga..

uskedalen.no kjenner i alle fall til at ein lokal trio allereie sist høst sende inn søknad om deltaking og la ved demo. Det var trioen Jitney som består av bassisten Ruben Aksnes frå Uskedalen, Ari Thorsteinsson frå Odda (vokal og gitar) og Kim Christer Hylland frå Odda på slagverk.

Bandet har mellom anna spela under Rosendal-festivalen i fjor og jobbar med det første albumet sitt etter å ha sluppe sin første EP for to år sidan.

Trioen lagar musikk innan pop og rock, men er svært allsidig og dei er også innom andre sjangrar. Spør ein om førebilete tek gutane fram til dømes Big Bang, Real Ones og My Midnight Creeps.

Av Ola Matti Mathisen